

Spela ved opninga av Løveleikane.

16.06.2018



Uskedal musikklag spelte ved opninga av Løveleikane.

I dag vert det arrangert eit flott idrettstemne på Husnes stadion. Det er Løveleikane, idrettstemne for funksjonshemma, og det er Lionsklubbane LC Kvinnherad, LC Halsnøy og LC Stord/Fitjar som står bak arrangementet i samarbeid med idrettslaget Trio som er teknisk arrangør. Uskedal musikklag spela i samband med opninga av leikane.



Ordfører Peder Sjo Slettebø heldt opningstale.

Musikklaget presenterte eit variert konsertprogram på vel ein halv time for deltakarar, publikum og funksjonærar før ordførarar Peder Sjo Slettebø heldt opningstale og helsa både til deltakarar og arrangørar. Det var president i LC Kvinnherad, Agnar Melkesersen, som ønskte velkommen, og distriktsguvernør Kjell Framnes i Lions bar fram helsing.

På Løveleikane vert det vist mykje ekte og god idretts glede. Her er det absolutt viktigast å delta, tider og plasseringar kjem i andre rekkje, og det er mykje smil og glede både i sjølve tevlingane, og når alle deltakarane får tildelt premie og diplom. Innimellom vanlege friidrettsøvingar innan løp, hopp og kast, vert det også arrangert andre kjekke aktivitetar som skot mot fotballmål og ringspel. I tillegg kan dei få delta i, og lære petanque. Her er petanque-spelarar frå den aktive klubben på Stord instruktørar.

Medan øvingane pågår på stadion er det kiosksal, og etter den delen er ferdig er det klart for middag i Trio-huset.

Til saman var det påmeldt i overkant av 30 deltakarar på dette flotte stemnet. Mange av deltakarane kjem frå Kvinnherad, og elles er dei frå Sunnhordland og Bergensområdet. Det er andre året Løveleikane vert arrangert på Husnes. Det er eit viktig arrangement som utløyser mykje glede. Trio og Lionsklubbane står bak. Eit særdeles flott tiltak!

For Uskedal musikklag var denne kjekke spelninga avslutning på ein aktiv og god vårsesong. Tilsaman kan muskarane sjå tilbake på 15 opptredenar denne sesongen, og kanskje dukkar det opp spelningar i løpet av sommaren og? Utfrå den gode stemninga som er i laget, verkar det som om dei rutinerte muskarane får meir glede av musikken for kvart år som går.



Denne trivlege gjengen sette ein ekstra spiss på tevlingane

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Eldbjørg Myklebust/Thor Inge Døssland